

## Os Skulekorps søker dirigent for aspirant og juniorkorps!

Os Skulekorps er eit velorganisert skulekorps med 40 musikantar fordelt på aspirantar, junior og hovedkorps. Korpset har eit høgt aktivitetsnivå, eit godt sosialt miljø og fokus på trivsel, inkludering og langsiktig musikalsk utvikling.

Korpset har øving kvar torsdag mellom kl. 18-20 i flotte lokalar i Oseana Kulturhus sentralt i Os. Frå hausten 2015 søker vi ny dirigent for aspirant og juniorkorps.

### Informasjon om stillinga:

Dirigent for aspirant og junior har ansvar for opplæring og motivering av våre yngste musikantar dei første åra dei går i skulekorpset. Du vil sjølv kunna leggja tilrette undervisninga, men vil få god støtte frå korpssleiar, dirigent for hovedkorps og styret og dra nytte av tidlegare erfaringar frå vårt aspirant og juniorarbeid. Du vil samarbeida med dirigent for hovedkorpset i samband med felles aktivitetar, konsertar og den langsiktige utviklinga av skulekorpset. Du vil og vera involvert i rekrutteringsarbeid gjennom året.

Stillinga kan kombinerast med instrumentopplæring for nokre av våre musikantar og vi kan tilstrebe at undervisninga fell på samme dag som korpsovinga. Dette er ikkje eit krav.

### Vi søker:

Ein dyktig og inspirerende dirigent med evne til å skapa trivsel, lagånd og spilleglede. Rette kandidat har høg interesse og engasjement for skulekorps og musikkopplæring av barn og ungdom. Det er viktig at vår nye dirigent har godt humør, pågangsmot, ei fleksibel innstilling til stillinga og til å vera med når korpset held konsertar, seminar etc.

**Kvalifikasjonar:** Høgre musikkutdanning, PPU eller lignande, alternativt pedagogisk utdanning med tilleggsutdanning i musikk. Dirigenterfaring frå korps og evt. som instruktør

Personlege eigenskaper blir lagt vekt på. Aktuelle kandidatar må fremvise politiattest av nyare dato før eventuelt innkalling til intervju.

### Os Skulekorps tilbyr:

Konkurransedyktige betingelsar, ei stilling i eit velorganisert korps med stabil økonomi, spennande og aktivt arbeidsmiljø med engasjert styre og kollegaer.

**Meir informasjon og søknad:** Ønskjer du meir informasjon om stillinga, ta gjerne kontakt med dirigent for hovedkorpset Marius Fevang Thorstensen. Tel.: 977 48 690 / e-mail: post@trompetpedagog.no, eller styreleiar Karianne Maltun, tel.: 95435727, e-mail: karianne.maltun@gmail.com

Søknad, CV og relevant dokumentasjon/attestar sendast **innan 10. Juni** til: karianne.maltun@gmail.com